

Innkalling med agenda til FAU-møte:



Tid: kl.17.00-18.30

Dato: 09.04

Stad: Skogsvåg skule

Oppmøte: Rektor: Ingrid Hestad 1.trinn: Silje Røys Skråmestø og Helene Skoge 2.trinn: Martin Schei Hufthammar og Solvor Vik Mykletun 3.trinn: Witze Mink og Kristin Høgøy 4.trinn: Kristine Andersen Midlang 5.trinn: Johnny Thorkildsen og Kristine Rørvik 6.trinn: Susanne Solsvik og Anette Vorland 7.trinn: Nina Nordvik, Tetyana Hagen og Silje D. Hesvik SFO: Monika Schutt-Mathiesen	Fråvær:
--	----------------

SAK 1. Frå skule ved rektor:

- **Økonomi:** styrer i balanse inn i nytt budsjettår 2026. Pr.no har skulen eit lågt sjukefråvær blant tilsette og det spelar positivt inn på vikarutgiftane.
- **Utviklingsplan:** skule jobbar med dysleksivenleg skule, system – lesing – dysleksivenlege klasserom. TRYGG – felles årshjul med tema og mål, trygge elevar og vaksne, trygge friminutt, trygge samarbeid, trygge overgonger. Kvalitetsdialog gjennomført den 08.04 med vekt på utviklingsarbeid, handlingsplan og revisjon av den. **Rektor orienterar og informerar meir om innhaldet, samt les opp frå elevane.**
- **Aktuelt frå skule (frå trivselskalender, elevrådsarbeid, kvalitetsdialog, uteområde og snill er kult):** rektor gjer informasjon, samt les opp frå elevrådet. Gjennomgår trivselskalender, elevrådsarbeid, kvalitetsdialog, uteområdet og oppgradering, samt snill er kult. Rektor fortel at det etter jul vart gjennomført relasjonskartlegging og trivselsundersøking på alle trinn og heile personalet har vore involvert. Det kjem spørsmål om alle skular gjer dette eller om det er noko Skogsvåg skule vel å gjere. Rektor orienterar om at alle på mellomtrinnet tek elevundersøking og at ein skal kartlegge skulemiljø utover dette. Skogsvåg har prioritert i sitt TRYGG-arbeid å kartlegge både trivsel, men og relasjon mellom vaksen og elev. Elevsamtaler og utviklingsamtaler er no ferdig for dei fleste, og jamnt over er det gode tilbakemeldingar. Skogsvåg ønskjer og jobbar for TRYGG-samarbeid. Utviklingsamtalane er viktige møter mellom skule, elev og føresette.
- **Ferie-SFO:** alle føresette må følgje med på informasjon som kjem. Kommunestyret har jobba med saka. Det kjem endring i vedtekter, søking SFO og ferie-SFO.

- **Status i sak vedr. gamlebygget:** det er gjort inneklimatemålinga og skule har fått tilført ekstra ressurs knytt utfordring. Skule må organisere seg på best mogleg vis for å ikkje nytte areal utover det som er innafor iht. kapasitet.
- **Nytt skuleår:** 29 skulestartarar, ganske stabilt elevtal og det gjer at ressursane heldt seg stabile. Positivt at skulen får noko ressurs til miljørettleiar og vikarbudsjeitt.
- **Nye klassekontaktar, FAU og SU:** Val av FAU, SU og klassekontaktar til hausten. Alle sit 1 år om gongen. Nye 1.klassingar vel på vårens foreldremøte. Skogsvåg skule er no ferdig med fysisk innskriving og snart er det både førskuledag, foreldremøte og faddardag. FAU spør om dette er vanleg praksis for alle skular, og rektor orienterar om at det pr.no berre er Skogsvåg som gjennomfører fysisk innskriving, Rong skule starta opp i år etter møte med Bente og Kari om praksis og erfaringane frå Skogsvåg. Skogsvåg skule jobbar systematisk for TRYGGGE overgonger.
- **Oppmerking skuleplass:** rektor har vore i kontakt med drift, heilt okei å merke skuleplassen. FAU er positiv til dette. Rektor og FAU-leiar held kontakt vidare. Skule har meldt inn behov for kosting av skuleplass. Rektor viser døme på korleis ein kan gjere ein merking av skuleplassen, samt skildrar behovet for merking av t.d kanonballbana. FAU ønskjer dette klart til hausten og vil invitere til dugnad ila. våren.
- **17.mai:** FAU ønskjer å sjå på modell for 17.mai. På haustens foreldremøte er det eit ønskje om å at det blir valt komiteansvarleg og mannskapsansvarleg + klassekontakt/FAU. Det må organiserast drop-box/system for arbeid som er gjort. Føresette frå 1.-4.trinn bør vere ansvarlege.
Viss 17.mai sponsorar har «meir» igjen etter arrangement kjem det forslag om å sponse skidag til eit trinn/mellomtrinnet, eventuelt utstyr til TRYGGBU.
Sette opp evalueringsmøte etter 17.mai. Mariann Sangolt kan sette opp møte og invitere. Rektor har snakka med Mariann og møte vert: 27.05 kl.17-18 på skulen.

SAK 2. Tilbakemelding frå arbeidsgrupper:

- **Busstilbod og trafikktrygleiksplan:** det er ein kontaktperson ein kan ta kontakt med. Foreløpig ikkje gjort noko arbeid.

SAK 3. Innmeldt sak etter foreldremøte, skjerm og vidare arbeid:

- **Barnevakten: positive tilbakemeldingar på foreldremøte.**
- **Smarttelefonfri skule:** utfordrande debatt og fleire ulike meiningar. Det har vore gjennomført ei undersøking og den viser at det er ulike meiningar.
- **Status og vegen vidare:**
- FAU ser at dei ikkje har vore tydelege nok med informasjon. Smarttelefonfri skule er for nye 1.kl til hausten med mål om å bli dette innan komande 7 år, altså dei nye trinna. Det er ingen som skal «miste» telefonen sin. FAU er

samstemte om at anbefalingar knytt sosiale medium må takast på alvor, og dei ber føresette overhalde desse.

- **Anbefalingar:** ber føresette halde desse.
- **Vårens førskuleforeldremøte:** FAU kjem for å fortelje om smarttelefonfri skule. Dersom 1.trinn er med frå hausten kan ein starte ein prosess.
- **Ønskjeleg med førebyggjande informasjon frå politi:** dette tek rektor med seg til haustens foreldremøte.

SAK 4. Innmeldt sak, SPOND-grupper:

- Dette må alle trinn få, nokre har fått. Vert felles tema til hausten for alle trinn.

SAK 5. Innmeldt sak, org.nr FAU:

- Ønskjeleg med org.nr. Dette vert sak for FAU til hausten. Ein må då lage eit styre.

SAK 6. Frå kommunalt FAU:

- Den 08.06 er det kommunalt FAU igjen. Tetyana og Kristine deltek. Innmeldt sak er 17.mai, smarttelefonfri skule og org.nr for FAU.

Eventuelt:

- Føresette ber rektor ta opp om trinn etter symjing på småtrinn kan halde fram med dusjing i gymtimane. Føresette ser på dette som god trening.
- Frå føresette: ber alle vere merksam i skule og som føresette på musikk på andre språk. Det er framadspråklege føresette som høyrer at det er mykje musikk t.d Brasiliansk funk som har pornografisk innhald.
- FAU: ønskjer å bidra med brukt utstyr til skule, td. leikar og spel. Dette kjem rektor tilbake med informasjon og behov knytt.
- Neste møte: 27.05 kl.17-18
- Ny møteplan for hausten kjem.